





# FORBETRINGSARBEID

Avviksmeldingar og #RÅBRA!

# Aktivitet i Klinikk Volda




# Avviksmeldingar frå kommunar 2022 til Klinikk Volda



ID (Antall)	Ekstern	Fra ekstern	Til ekstern	Sum
Tilordnet enhet				
Føde, barsel og gyn.pol. Volda		1	0	1
Kirurgisk sengepost Volda		2	1	3
Medisinsk avdeling Volda		9	0	9
Medisinsk poliklinikk, fysioterapi og kontor		3	1	4
Medisinsk sengepost Volda		0	1	1
<b>Sum</b>		15	3	18

- Manglande Epikrise ved utskriving: 7
- Ikkje meldt utskrivingsklar: 5
- Manglande registrering EKG/oppfølging: 4
- Manglar i ei epikrise: 1

# Avviksmelding frå Klinikk Volda til kommune



- Avviksmelding: Feil i doset (1)

Pasient blir innlagt med akutt funksjonssvikt. Ved legemiddelsamstemming ser u.t. at i dosetten til pasienten er det lagt opp 2 tbl 75 mg på morgon (=150 mg) og 3 tbl 75 mg på kveld (=225 mg), istadenfor 2 tbl 25 mg morgon (=50 mg) og 3 tbl 25 mg (=75 mg). Det ser ut som dosetten er ny frå onsdag 27/7 og at det er tatt iallefall 3 dosar (morgon 27/7, kveld 27/7 og morgon 28/7) med trippel dose.

# #RÅBRA!

## Gratulerer 7-Stjerna! Klinik Volda synest dokke er #Råbra!

Til Sju-stjerna

### Kva gjekk / var #Råbra! og kvifor?

Rekruttering v LIS 1

Vi er særst godt nøgd med at vi har fått fleire kommuneplassar til LIS 1 fordi Herøy, Volda og Ørsta no tek to kvar + at Hareid tek ein igjen. I tillegg har vi fått med ein representant i Sju-stjerna i tilsettningsnemnda. Det er eit krevjande arbeid med mange søknader - heile 433 søkjarar denne gongen. Klinik Volda er godt nøgd med dette.

### Kva kan vi lære av dette?

Dette betyr ein vinn/vinn situasjon for rekruttering av legar i spesialisering 1 til Søre Sunnmøre. På intervju med kandidatane fortel vi at alle får plass i kommunehelsetenesta og dette rekrutterar godt. Også fordi Volda Sjukehus har akuttfunksjonane på plass og no også traumefunksjonen. Dette betyr at vi i saman stiller sterkare når vi skal fylle behovet vi har for legar både i kommune og sjukehus. Gode fagmiljø gir også god pasientbehandling.

### Kva endringar kan bidra til at det skjer oftare?

Det viktige her er å vere gode lagspelarar og legge tilrette for det. Vi ser Sju-stjerna helse- og omsorg som ein slik god lagspelar.

Endå Klinik Volda, Eldsheim

## Gratulerer Helstasjonen i Ulstein kommune! Medisinsk biokjemi Volda synest dokke er #Råbra!

Til Helstasjonen i Ulstein kommune

### Kva gjekk / var #Råbra! og kvifor?

Ved behov for blodprøvetaking av 64 barn vart det i dialog med Ulstein Helstasjon bestemt at vi skulle organisere IGRA-prøvetaking "ute". Medisinsk biokjemi Volda gjennomførte 3 dagar med prøvetaking på helstasjonen, og fekk tatt alle barn som det var bestilt prøve på. Og ein utvekslingsstudent :-).

### Kva kan vi lære av dette?

Takka være god organisering frå helstasjonen si side kom bioingenjorane frå Medisinsk Biokjemi Volda til "dekkabord". Egna lokaler sto til disposisjon, pasientlogistikken gjekk på skinner og blodprøvetakinga vart gjennomført i rolige og trygge omgivelser utan at alle barna med følge måtte inn på sjukehuset i Volda. Ei god løysing for alle partar.

### Kva endringar kan bidra til at det skjer oftare?

At dialogen med kommunane er godt etablert FØR ei slik "krise", slik som den er mellom Volda Sjukehus og kommunane i "Sjusstjerna". Men og at den som sit som koordinator frå sjukehuset har kunnskap om lokale leiarar på aktuelle seksjonar og kan sette personell i hhv. kommune og spesialisthelsetjeneste direkte i kontakt med kvarandre for god og direkte dialog.

Frå Medisinsk biokjemi Volda ved seksjonsleiar Joar Ulstein



## Gratulerer sakshandsamarane Telset og Arnesen i Volda kommune! Medisinsk sengepost i Volda synest dokke er #Råbra!

Til Telset og Arnesen ved forvaltningskontoret i Volda kommune, helse og omsorg.

### Kva gjekk / var #Råbra! og kvifor?

Ynskjer å sende ei tilbakemelding til Volda Kommune v/sakshandsamarane Telseth og Arnesen. Dei har gjort ein stor innsats for at pasient hamnar på rett nivå/plass for pasient og pårørande. Dette er også til stor hjelp for ein sengepost med stor belastning

### Kva kan vi lære av dette?

God og konstruktiv kommunikasjon og samhandling direkte i kontakt med kvarandre for god og direkte dialog.

Frå seksjonsleiar Therese Moltudal ved Medisinsk sengepost, Volda sjukehus




# # RÅBRA!

**#Råbra!** er eit verktøy for å fokusere, lære og forbetre ut i frå gode prestasjonar! På denne måten kan vi bidra til auka pasienttryggleik og arbeidsglede.

Når la du sist merke til eller var involvert i ei hending der du sjølv, din eller dine kollegaer løyste oppgåva på ein **#Råbra!** måte? DU definerer kva DU synest er **#Råbra!**



# Felles samhandlingskultur



- Skape verdi for pasientane
- Planlegge betre saman
- Kultur for samarbeid – på alle nivå - samhandlingskultur
- Dele kunnskap og erfaringar – lære på tvers i kommunar/føretak i Helsefelleskap

